



Notat

Dato: 20.09.2018
Arkivsak: 2018/13542-3
Saksbehandlar: rolrose

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Tryggleiken på ferjene

I fylkesutvalet sitt møte 30.08.2018, under handsaming av referatsak RS 127/18 Sikkerheit på ferjer, ba representanten **Silja Ekeland Bjørkly (H)** om at fylkestinget vart orientert om tryggleiken på ferjene, og om denne var god nok.

Fylkesrådmannen kan opplysa følgjande:

Gjennom kontrakten med Skyss er ferjeoperatørane pålagt å til ei kvar tid utføre ferjetenesta i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, inkludert dei krav som er stilt til tryggleik. Operatøren er vidare pålagt ansvar for at oppdraget blir gjennomført på ein slik måte at det ikkje oppstår skade eller fare for skade på person eller eigedom. Ferjeselskapa er også pålagt å syte for at alle tilsette får løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale.

Gjennom kontrakten er operatør mellom anna pålagt å ha gyldig passasjersertifikat og sikkerheitsstyringssertifikat for fartøya utstedt av Sjøfartsdirektoratet. Sjøfartsdirektoratet er forvaltnings- og tilsynsmynde for arbeidet med sikkerheit for liv, helse, miljø og materielle verdiar på norske fartøy. Sjøfartsdirektoratet gjennomfører både verifikasjonsprosesser og revisjonar for å gjennomgå at sikkerheiten på norske fartøy er i samsvar med nasjonale og internasjonale regelverk.

Også når det gjeld bemanning av ferjene, er det Sjøfartsdirektoratet som fastsett såkalt sikkerheitsbemanning på kvart enkelt fartøy etter søknad frå rederia, med utgangspunkt i forskrift om bemanning av norske skip. Det er eit krav at tillitsvalgte blir involvert i samband med søknaden.

Når det gjeld Skyss si oppfølging av kontrakten, er tryggleiken på agendaen i alle kontraktsmøte med operatør. Spørsmålet om bemanning vil verta teke opp konkret i komande kontraktsmøte med operatør.